

**Møteprotokoll**

Utval:	Vaksdal kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Heradshuset, Kommunestyresalen
Dato:	13.09.2023
Tid:	15:00 - 17:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Vegar Sellevold	Leiar	AP
Anne Christin Eide	Nestleiar	AP
Anneli Vatle Lilletvedt	Medlem	H
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjart Magnus Rosvold	MEDL	KRF

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jan Hansen	Bjart Magnus Rosvold	AP

Andre som møtte

Namn	Stilling
Atle Fasteland	Kommunedirektør
Silje Fossdal	Finansiell revisor Deloitte
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor Deloitte
Einar Ulla	Seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune

Vegar Sellevold
utvalsleiarEinar Kåre Ulla
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/23	Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 10.05.2023	2022/132	
	Politiske saker		
PS 22/23	Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming - rapport	2022/135	
PS 23/23	Forvaltningsrevisjon av barnehagar - status i arbeidet	2023/360	
PS 24/23	Kommunedirektøren si orientering om oppfølging av tilrådingane i revisjonsrapport 2022 nr. 10 og i uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga	2022/128	
PS 25/23	Kommunedirektør orienterer om kva som er gjort i sak om Skreiaveien frå perioden 2015 - 2019	2022/137	
PS 26/23	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2023	2022/128	
PS 27/23	Budsjett for kontrollarbeidet i Vaksdal kommune 2024	2022/160	
PS 28/23	Gjennomgang av møteprotokollar 13.09.2023	2022/133	
PS 29/23	Eventuelt	2022/137	
	Referatsaker		
RS 5/23	Reglement for kontrollutvalet for perioden 2023 - 2027	2023/376	
RS 6/23	Brev til kommuner og fylkeskommuner om valg av kontrollutvalg	2022/15	
RS 7/23	Nytt fra FKT august 2023	2022/15	

GK 7/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteinnkallinga ligg ikkje ute på heimesida til kommunen.

Det kom ikkje fram merknadar til innkalling eller sakliste ut over ovannemnde.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedtekne.

GK 8/23 Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 10.05.2023

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Vaksdal kommune 10.05.2023 vert samrøystes godkjent

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak:

1. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Vaksdal kommune 10.05.2023 vert samrøystes godkjent

PS 22/23 Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming - rapport

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming til etterretning
2. Kommunestyret ber kommunedirektør følgje opp rapporten ved å setje i verk følgjande tiltak:
 - A.Etablere skriftlege rutinar for kvalitetssikring og for handsaming av klagesaker.
 - B.Sikre at eventuelle vidare innkjøp av sakshandsamingstenester blir gjort i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar og at det blir etablert ein skriftleg avtale for alle slike innkjøp
 - C.Sikre at kommunen har oversikt over etterleving av frist i plan- og byggesaker, inkludert klagesaker.
3. Kommunestyret ber også kommunedirektør utarbeide ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.12.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisor presenterte rapporten med vekt på vurderingar og tilrådingar. Etter diskusjon i møtet, vedtok utvalet tilrådingane i saka.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteken.

Innstilling:

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming til etterretning
2. Kommunestyret ber kommunedirektør følgje opp rapporten ved å setje i verk følgjande tiltak:
 - A.Etablere skriftlege rutinar for kvalitetssikring og for handsaming av klagesaker.
 - B.Sikre at eventuelle vidare innkjøp av sakshandsamingstenester blir gjort i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar og at det blir etablert ein skriftleg avtale for alle slike innkjøp
 - C.Sikre at kommunen har oversikt over etterleving av frist i plan- og byggesaker, inkludert klagesaker.
3. Kommunestyret ber også kommunedirektør utarbeide ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.12.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 23/23 Forvaltningsrevisjon av barnehagar - status i arbeidet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om status i prosjektet til orientering

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisor presenterte status i arbeidet. Prosjektet er i rute.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om status i prosjektet til orientering

PS 24/23 Kommunedirektøren si orientering om oppfølging av tilrådingane i revisjonsrapport 2022 nr. 10 og i uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om oppfølging av tilrådingane i revisjonsrapport nr. 10 frå 2022 og om oppfølging av tilrådingane i attestasjonsuttalen etter etterlevingskontrollen av økonomiforvaltninga.

Utvalet vedtok samrøystes å ta kommunedirektøren si orientering til vitande.

Vedtak:

1. Kommunedirektøren si orienteringa vart teken til vitande.

PS 25/23 Kommunedirektør orienterer om kva som er gjort i sak om Skreiaveien frå perioden 2015 - 2019

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om kva som er gjort i samband med saka om Skreiaveien frå perioden 2015 - 2019. Orienteringa vart teken til vitande.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.

PS 26/23 Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2023 vert klar til behandling i møte kontrollutvalet 22.11.2023 med frist for levering til sekretariatet 01.11.2023.
3. Kontrollutvalet støtter revisor si vurdering om at tema for den forenkla etterlevingskontrollen for 2023 vert «Korleis sikrar Vaksdal kommune korrekt meiverdiavgiftshandsaming ved kjøp og sal av kraft?»
4. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2023 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisor presenterte revisjonsplan og risikovurderingane som er gjort i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimisrevisjonsrapport 2023 vert klar til behandling i møte kontrollutvalet 22.11.2023 med frist for levering til sekretariatet 01.11.2023.
3. Kontrollutvalet støtter revisor si vurdering om at tema for den forenkla etterlevingskontrollen for 2023 vert «Korleis sikrar Vaksdal kommune korrekt meiverdiavgiftshandsaming ved kjøp og sal av kraft?»
4. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2023 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 27/23 Budsjett for kontrollarbeidet i Vaksdal kommune 2024**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Vaksdal kommune 2024 slik det ligg føre.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak med budsjettarbeid fram til behandling i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Sekretær orienterte om budsjett for kontrollarbeidet i Vaksdal kommune 2024.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Vaksdal kommune 2024 slik det ligg føre.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak med budsjettarbeid fram til behandling i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

PS 28/23 Gjennomgang av møteprotokollar 13.09.2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det mangla protokoll frå formannskapsmøtet 22.08.2023.

Kontrollutvalet diskuterte vedtaket bygdeutviklingsutvalet gjorde i sak 16/23.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

PS 29/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Anneli Vatle Lilletvedt stilte spørsmål om status i saka om Stamnes Motorverkstad på Stamnes. Saka har vore ein gjengangar i kommunal sakshandsaming i ca. 20 år utan å få noko avslutning. Er vedtaka i formannskapet og kommunestyret fylgt opp, og kva er vegen vidare for å få ei avklaring /avslutning av saka? Kommunedirektøren svarde på spørsmåla frå Lilletvedt.

Leiar i utvalet stilte spørsmål om korleis bu- og driveplikta vart praktisert i kommunen. Dette spørsmålet vart ikkje svart ut i møtet, og utvalet vedtok å be kommunedirektøren orientere kontrollutvalet om dette i neste møte.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektør orientere utvalet i neste møte om praktisering av bu- og driveplikta i kommunen.

RS 5/23 Reglement for kontrollutvalet for perioden 2023 - 2027

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 6/23 Brev til kommuner og fylkeskommuner om valg av kontrollutvalg

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 7/23 Nytt fra FKT august 2023

Saksprotokoll 13.09.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.